



DEN NORSKE KYRKJA

Møre biskop/Møre bispedømeråd

Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Dato: 24.11.10

Vår ref: 09/357-8 JEK/IMI/ML

Dykkar ref: 201003191-/MTB

Høyring om presesfunksjonen i Den norske kyrkja

Vi viser til brev av 24.09.2010 frå departementet. Nedanfor følgjer felles høyringssvar frå Møre biskop og Møre bispedømeråd. Saka har vore handsama i bispedømerådsmøte 05.11.2010.

Innleiande merknader

I høyringsnotatet legg departementet til grunn at ein del føresetnader må gjelde for etableringa av den nye presesfunksjonen. Nokre slike føresetnader er:

- Arbeidsoppgåvene for preses vert i hovudsak som i dag
- Preses skal ha eige tilsynsområde med ordinære bispeoppgåver (inkludert arbeidsgivarfunksjonar) i tråd med dei vedtaka Kyrkjemøtet gjorde i 2009
- Det skal ikkje opprettast eit tolvte bispedøme
- Preses skal ha eit tydeleg mandat
- Preses skal ikkje vere overordna dei andre biskopane
- Dagens ordningar skal gjelde så langt råd er

Vi vil peike på at med desse føresetnadene er det svært utfordrande å etablere og drifte presesfunksjonen på ein god måte, men kanskje er det framlagde forslaget det lengste ein kan nå innanfor gjeldande kyrkjeordning og leiingsstruktur. Det må likevel arbeidast vidare med klåre oppgåvedefinisjonar og tydeleg kompetansedeling i samband med endringar i organisasjonsstrukturen for Den norske kyrkja.

Kommentarane nedanfor er gjevne på grunnlag av dei premissane som høyringsdokumentet legg opp til. Punkta referer til punkta i høyringsdokumentet.

5.2 "Stedfortredertjeneste"

Den beste løysinga er at ein berre har éin domprost, slik høyringsdokumentet foreslår. Domprosten vil då altså få eit forhold til to biskopar:

- som underordna for preses
- som fungerande for Nidaros biskop

Dette er i samsvar med den ordninga som kyrkja har i Sverige og i Finland og vil hjelpe til å knyte det særskilte tilsynsområdet opp mot resten av bispedømet slik departementet skriv. Vi er samde i at Nidaros biskop skal vere vikar for den tolvte biskopen sine

funksjonar i og overfor sitt tilsynsomsråde. Vi er også samde i at domprosten framleis skal vere fast vikar for Nidaros biskop.

Vi er samde i at visepreses fungerer som vikar i dei nasjonalkyrkjelege oppgåvene.

5.5 "Prostemøtet"

Vi er samde i det departementet skildrar som rollefordeling mellom domprost, Nidaros biskop og preses m.o.t. deltaking i og leiing av prostemøta. Det er viktig å fokusere på prostetenesta og prostane som biskopens leiargruppe i ein endringsprosess.

6. "Forholdet til bispedømmerrådet"

Departementet sitt forslag er primært at det til kvar tid berre skal vere éin biskop som møter i bispedømmerrådet, og at preses berre er medlem av rådet i saker som heilt klart vedkjem preses sitt tilsynsomsråde. Det vert sagt at preses alternativt kan få møte- og talerett i saker som gjeld heile bispedømet, for eksempel budsjettsaker. Dette vil vere ei god løysing. Om preses har forfall til bispedømmerrådet, meiner vi at ansvaret for preses sine saker då bør liggje hos Nidaros biskop.

7.2 "Forholdet til visepreses"

Departementet foreslår at dagens ordning med at Bispemøtet sjølv vel eit arbeidsutval, medrekna visepreses, vert vidareført. Vi er samde i dette. Vi er også samde i at visepreses er den som er vikar for preses i alle saker som ikkje omhandlar det særskilte tilsynsomsrådet preses skal ha.

7.3 "Kontaktvirksomhet og representasjon"

Departementet foreslår ei vidareføring av ordninga at Oslo biskop representerer Bispemøtet overfor kongehus, storting og regjering. Vi ser argumentet om geografisk tilhørsle og høvet til å vidareføre den jamne og tette kontakten det er mellom desse og Oslo biskop. Eit anna perspektiv er å sjå kongehus, storting og regjering som representantar for heile landet, og det er då mest naturleg at preses er deira biskop. Vi ser begge alternativa som akseptable.

10. "Framgangsmåte ved utvelgelse av preses"

Vi vil peike på at preses får ansvar for å dra omsorg for heile Den norske kyrkja, ikkje berre sitt tilsynsomsråde. Det er difor nødvendig at heile landet får vere med i utveljingsprosessen. Prostar og professorar er dei to gruppene av røysteføre som er tekne ut. Dette har lenge vore diskutert, men når departementet no foreslår at desse ikkje skal stemme, får dei lokale instansane altfor stor tyngd på kostnad av dei nasjonale. Med utgangspunkt i at denne utnemninga representerer ei overgangsordning, finn vi det lite tenleg at desse endringane av røysteføre vert gjorde no utan at det er forankra i kyrkjemøtevedtak.

Vi legg noko meir vekt på dei sentralkyrkjelege oppgåvene enn det departementet legg opp til. Vi meiner difor at alle bispedømmeråda i landet bør ha høve til å stemme.

Sekundært kan vi, dersom det er nødvendig eller ønskjeleg med ein enklare modell som ei overgangsordning, vere med på at bispedømmerrådet i Nidaros representerer den lokale kyrkja og Kyrkjerådet representerer den nasjonale kyrkja. Dette kan forsvarast fordi alle dei aktuelle kandidatane tidlegere har vore gjennom ein omfattende prosess før dei vart utnemnde.

Forslag til regelverk

Vi støttar framlegget til ny § 17b i "Tjenesteordning for biskoper".

Ny § 7 i "Regler om nominasjon m.v. ved utnevning av biskop" bør lyde slik (tekst i kursiv er ny i forhold til høyringsutkastet):

"Ved ledighet i embetet som preses i Bispemøtet underretter departementet Bispemøtet om at det innen en frist skal nominere tre av de tjenestegjørende biskopene til det ledige embetet.

Bispemøtet forelegger de tre nominerte for Kirkerådet, *alle landets bispedømmeråd, de stemmeberettigede tilsatte og menighetsråd i tilsynsområdet, prostene i de øvrige bispedømmer samt de teologiske professorer ved de teologiske fakulteter og rektorene ved de praktisk-teologiske seminarer.* Bispemøtet foretar deretter en prioritering av de tre nominerte og oversender dette til departementet innen den frist som fastsettes. Det skal ikke gis begrunnelse for prioriteringene."

Vi er samde i forslag til endringar i "Reglement for Bispemøtet".

Med helsing


Ingeborg Midttømme
biskop


Jan-Egil Korseberg e.f.
stiftsdirektør